

Olaf Agnar Gausvik

# *Daltrekk og draum*



*Foto: Kurt Haugland*

DEN VISE KVINNA

*- Det veit eg så vel,  
det hev eg fornemt i min ungdom.*

1

Olaf Agnar Gausvik har skrive mykje svært vakkert om og til Uskedalen. No har han samla det under tittelen Daltrekk og draum. Tanken var eigentleg å trykkja det opp og gje det ut, men no er det dessverre lagt på hylla. I staden kjem han med eit svært raust tilbod om at han kan senda det gratis til dei som melder frå at dei ønskjer det.

Samlinga **Daltrekk og draum** inneheld vers, songar, prologar og dikt til og om Uskedalen. Den er på 56 sider, og er fint illustrert med flotte bilete frå bygda. Den held høg kvalitet som alt som kjem frå Gausvik sin penn.

Når det gjeld tittelen på samlinga, er forfattaren inspirert av lagsbladet Daltrekk i ungdomslaget. Om dette skriv han følgjande i føreordet:

- "Daltrekk" var namnet på det handskrivne bladet til Uskedal ungdomslag.

Eit konkret og velkjent omgrep for folket i dalen, men som bladnamn var det underfundig og hadde dobbel botn. Fleire av dei gamle protokollane finst framleis, og der kan vi lesa mangt og mykje om kva som låg i lufta blant ungdommane i det gamle bygdesamfunnet.

Frimodig har eg lånteke det gamle namnet når eg her har samla noko av det eg har skrive om og til bygda. Som det gamle "Daltrekk" er dette altså noko som først og fremst er tenkt for trufaste uskedalsvener.

God lesnad.

Dei som ønskjer det, kan få samlinga gratis tilsendt om dei kontaktar Gausvik. Dei må senda mailadressa si til [marialg@online.no](mailto:marialg@online.no). Då kan dei få den på epost. Om dei heller vil ha den på ein brent CD, kan også det ordnast mot betaling av portoutgifter heiter det i det generøse tilbodet.

Avslutningsvis vil underteikna uttrykkja ei von om at lag i bygda kan samarbeida med forfattaren om å få trykt og gjeve ut denne Uskedalsboka. Det hadde vorte eit verk av stor verdi for bygda, - heilt unikt!

Tekst og nett: Thor Inge Døssland.